

NSG v/ leder Stig Slørdahl
NSG v/sekretær May-britt Kjelsaas
Helse- og omsorgsdepartementet

| | | | |
|----------------------|-------------|-----------------------------|------------|
| Vår ref.: | Deres ref.: | Saksbehandler: | Dato: |
| 2010/431 - 3857/2010 | | Hans K. Stenby, 51 96 38 17 | 13.09.2010 |

Nasjonal satsing på forskning innan muskel og skjelett

Innleiing

Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger anbefalte på sitt møte 16. juni 2010 at den nasjonale satsinga innan muskel og skjelett blir lagt ned, og bad samtidig Helse Vest om å ta saka vidare med *Nasjonal samarbeidsgruppe for medisinsk og helsefaglig forskning (NSG)* og Helse- og omsorgsdepartementet. Det gis her ei orientering og nærare grunning for dette.

Prosesen for å få etablert den nasjonale satsinga

Prosesen starta i april 2006 i møte med ryggnettverket der ideen om ei nasjonal satsing ble presentert. I mai 2006 ble saka lagt fram for NSG og i juni same år ble det arrangert møte mellom Det regionale samarbeidsorganet og ryggnettverket. På bakgrunn av ryggverket si framstilling gjekk samarbeidsorganet inn for, ikkje utan tvil, at dette skulle bli regionen sitt bidrag inn i dei nasjonale satsingane.

På septembermøtet same år ble ei revidert framstilling av *Nasjonalt forskingssamarbeid innen rygg- og muskelplager* handsama i samarbeidsorganet. Samarbeidsorganet konkluderte med at det overordna prinsippet om involvering av alle relevante miljø også gjeld for Helse Vest si satsing, og Helse Bergen ble gitt eit særskilt ansvar for å få ei god forankring før vidareending til dei andre regionale føretaka. NSG ga same råd da dei handsama saka ultimo september 2006.

I 2007 var saka oppe i samarbeidsorganet ei rekke gonger. I juni meldte Helse Vest til NSG at ein framleis ønska å ha ansvaret for forskingssatsinga, men at det var behov for meir tid før skrivargruppa kunne nedsetjast.

På septembermøtet 2007 ble det lagt fram ei utvida sak der utfordringane med å etablere satsinga ble presentert for samarbeidsorganet. I hovudsak dreidde det seg om at det var vanskeleg å få utarbeida ein god og samla plan for programmet gjennom dei lokale aktørane. Det ble presisert at sjølv om utviklinga i prosjektet ikkje hadde gått som forventa, har Helse Vest RHF eit særskilt ansvar for å følge opp dei nasjonale satsingane. Samarbeidsorganet slutta seg til og forsterka intensjonen i saka om eit forpliktande samarbeid mellom dei lokale aktørane under leiing av Helse Vest RHF ved Regionalt kompetansesenter for rehabilitering og habilitering, og med ei klar forankring i samarbeidsorganet.

I april 2008 (sak 12/2008) ble det gitt klarsignal til å opprette ei skrivargruppe, og invitasjon til dei andre RHF-a om oppneving av representantar ble sendt. Skrivargruppa var klar i oktober 2008, og på februar møtet 2009 ble det orientert om at arbeidet var kome i gong og at rapport kunne ventast ultimo mars. På april møtet 2009 slutta Det regionale samarbeidsorganet seg til intensjonane i programnotatet

Nasjonal forskningsatsing innen muskel- og skjelettlidelser, og notatet ble oversendt NSG for innspel og vidare handsaming.

I mai 2009 ble saka lagt fram i NSG som ga uttrykk for at dette er eit viktig satsingsområde, men at det er ønskeleg med ei inkluderande tilnærming (utover uspesifikke lidingar), tilknytning til eksisterande sterke forskingsmiljø, tydeleggjering av det internasjonale perspektivet og ei konkretisering av satsingsområda. I vedtaket bad NSG om at det må vurderast ei utviding av gruppa, med revidert mandat og ein realistisk frist for det reviderte programnotatet. Ei skisse for det vidare arbeidet, datert 2. november 2009, ble presentert på NSG sitt møte i november og fekk brei tilslutning. Det regionale samarbeidsorganet i Helse Vest fekk i oppdrag å gå vidare med saka.

Etter at skrivargruppa leverte sitt notat våren 2009 er usemja innan gruppa kome til syne på ulike måtar. Dette har også kome fram i arbeidet med å etablere gruppa på ny. Dei regionale helseføretaka melder om at fleire av dei opphavlege medlemmene i gruppa ikkje ønskjer å være med vidare, og at det er problem med å finne nye representantar. På tidspunktet da saka siste gong vart fremja for samarbeidsorganet (juni 2010) fanst ingen nye namn på representantar, sjølv om nokre hadde gitt sitt samtykke under føresetnader som det ikkje lykkast å finne gode løysingar på.

Anbefaling

Samarbeidsorganet mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger har som vist ovanfor arbeidd sidan 2006 med å etablere ei nasjonal satsing innan muskel og skjelett. Spørsmålet har etter kvart blitt reist om kor lenge man skal forsøke å få etablert den nasjonale satsinga. Undervegs i arbeidet har det særleg blitt tydeleg at fagområdet er omfattande og mangfaldig, og at ei felles satsing under ein hatt vil være problematisk. I tillegg kjem problema med å få samla dei ulike aktørane på feltet.

På bakgrunn av dette anbefaler Helse Vest at den nasjonale satsinga innan muskel og skjelett leggjast ned. Helse Vest ønskjer på eit seinare tidspunkt å vurdere andre område der regionen kan etablere ei satsing i tråd med gjeldande føresetnader.

Med helsing

Baard-Christian Schem
Baard-Christian Schem
fagdirektør

Kopi: Helse Bergen HF v/Stener Kvinnsland